



#### RANDI ARNESTAD

Randi Arnestad er født 1942. Hun er cand. philol med norsk hovedfag, og har arbeidet som lektor på Tynset. (Tynset Gymnas, siden Holmen videregående skole). I mange år var hun aktiv i organisasjonen Garborgdagane.

## SKULE OG UTDANNING

Da klokka klang ...

Skuleåret 1949 – 50 satt det skuleungar på pultane sine i rundt 40 skulehus i Nord-Østerdalen. Eg var ein av dei, eg begynte i første klasse på Nøren skole på Os hausten 1949, saman med ni andre. Vi gjekk annakvar dag, og hadde ein lærar. Klasserommet var vel omtrent som i alle bygder: faste pultar, kateter på eit opphøgd podium, svart tavle med peikestokk og linjal – med fin raud og kvit decimetermerking – og geografiske kart i oppheng over tavla. Eit skap, ein vedomn og eit trørgel var elles heile utstyret.

TEKST: RANDI ARNESTAD

Vi fekk ABC-bok med fargerik hane utapå, nye fine bøker til å skrive og teikne i, og bok med ruter til reknestykkje. Og så Mads Bergs songbok. For ein rikdom! Det var framleis mangel på varer etter krigen, og bøker med fargebilete hadde mange av oss nesten aldri sett. Noen av dei første songane eg hugsar er ”No stend ho steller i kjøkenkrå” frå Garborgs Haugtussa, og Vinjes ”Tyteberet”. Ikkje dei enklaste barnesongane, men dei har sete spikra i minnet sia. Til hjelp med addisjon og sub-

traksjon måtte far min spikke små pinnar som vi samla i ”tiarbuntar” med syltestrikk rundt. Enkle reiskapar dugde, – og ingen tvilte på at fedrar kunne spikke!

Læraren var ei ”lærinne”, som dei sa, og ho styrde med fast, men mild hand. Eg kan aldri hugse at det var store kontroversar. Ho hadde heimen sin på Røros, og heile veka budde ho da på eit trongt kammers i 2. etasje på skulen, med små eller ingen fasilitetar. Det var innlagt vatn i huset, men ikkje på det rommet. Bad var

ukjent, det var utedo for alle over gardsplassen, ved sida av vedskålen. Ho måtte ta toget att og fram, og bare søndag var fridag. Det var harde vilkår!

Lærarinnene hadde da i nesten eit halvt hundreår hatt sin eigen organisasjon (Norges Lærerinneforbund, stifta 1912), der dei kjempa for retten til å undervise på alle klassetrinn, retten til same lønn som mannlige lærarar, til å arbeide sjøl om dei gifta seg. Rundt 1950 var desse krava stort sett innfridd i lover og vedtekter, men

i praksis var stundom situasjonen ein annan. Mange i Nord-Østerdalen vil hugse einslige lærarinner som budde spartansk og hadde lite å rutte med.

I storskulen fekk vi lærar. Også han aleine, med ansvar for oss heile dagen. Ei lukt eller ein farge kan framleis få meg til å sjå rommet, det grønne skapet der tranflaska stod; vi måtte ha med skje og fekk ein slurk i matfri kvar dag. På podiet stod orglet, og ein stor radio på eit bord. Vi fekk høre på NRKs Skolekringkasting og delta i tevlingar, og i 1952 fekk vi høre på noen av sendingane frå Oslo-OL, det var stas. Ein gut fekk spele for oss andre, han var så stutt at han ikkje rakk ned til pedallane på orglet. Han satt på fanget til læraren, som trødde, og spelte Nordraaks Purpose så det ljoma i rommet. Det gjorde inntrykk!

Ettersom vi var to klassetrinn saman, lærde vi oss fort til å arbeide sjølstendig, mens læraren forklarte nytt stoff for den andre delen av klassa. Av praktiske fag hadde vi jentene handarbeid, mens gutane hadde sløyd, så da kom det andre lærarkrefter inn. Da vi begynte å få litt dreis på skjønnskrifta med penn og blekk, og bokstavane i skråskrifta vendte same vegen, kom det påbod om formskrift, og vi var omskolert.

Med det resultatet at svært mange av dei årskulla aldri fekk noa stødig, vakker handskrift!

Friminutta om vinteren hugsar eg godt. Vi leikte i snøen, hoppa frå snøskjermene på Bekkjordet og ned i fonna. Når læraren ringte med bjølla – ei vanleg skåkklokke – for å få oss inn att, tok det ei god stund av timen å få kosta av oss all snøen, som satt godt fast i vendmål og strikkavottar.

Eit høgdepunkt i veka var når vi fekk kome inn i kartrommet og låne bøker. Skulen hadde ei ganske stor samling av barnebøker, mange klas-sikarar, og mange GGP- og GGG-bøker. (Gyldendals serie for Piker og Gutter).

Om vinteren var det alltid skule-skirenn, med tevling mellom dei ulike kretsane. Eit anna høgdepunkt i året var juletefesten. Frå ”Skolehistorie fra Os” saksar vi eit referat:

År 1956 den 29.12. hadde Nøren skole juletefest i Fensal. Festen var satt til kl. 13. Storsalen i Fensal var så å si fylt til siste plass da kretsformannen åpnet festen ved å ønske alle store og små vel møtt. Det var tale av lærer Halvard Gylland, sang av skulekorene, musikkunderholdning av Jørgen Furuholt og brødrene Bjørn og Herman Westum. Gang rundt jule-treet, med Iver Wolden Bækken ved

orgelet. Julenissen, 2 stk., delte ut ap-pelsiner til barna. I første etasje ble det servert sjokolade, kaffe og melk til medbrakt mat.

Frå fjerde klasse fekk vi karakter-bok, det var nok ikkje like stas for alle. Det var ingen ting som heitte ut-viklingsamtalar den gongen, beskje-den til heimen om korleis poden gjorde det og hadde det på skulen, var ein bokstav i kvart fag, på ein skala frå LG, lite godt, via NG, G, MG til SG, særst godt.



Alt frå 4. klasse, når elevane begynte i stor-skulen, fekk dei karakterar i alle fag to gonger i året.

Sju år, med skule annakvar dag, – det kjentes, og kjennes framleis som eit heilt liv. Og alt det vi lærte! Det er viktig med ettertanke, – å bli mint på kor viktige dei første skuleåra er.

### *Eit tiår med sjumilssteg*

Utviklinga frå 1950 til 1960 er mest ufattelig. Det var optimisme og framtidstru i samfunnet, heile landet skulle byggas opp att etter krigsåra.

Men materielt var skulestellet – som mange andre område i samfunnet – på same nivå som 30 eller 50 år før. I 1950 var det bare Tolga skole, Nøren skole i Os og Tyllidalen skole som hadde ”nye” skulehus, bygd i 1925, 1935 og 1941. Dei fleste sku-

lane heldt til i dei husa som var bygde etter at ”Lov om landsfolkeskolen” kom i 1860. Da vart det laga modellteikningar, godkjent av ”Stiftsdirectionen”, og det var mulig å søkje ”Amtsskolekassen” om stønad til bygginga. I Nord-Østerdalen vart det i åra etter at loven kom bygd mange slike skulehus, ofte med stor innsats av grendas eller bygdas folk. Skulane var som regel i ein etasje, med ein gang, ei skulestue og eit lærarrom eller kammers. Holøyen skole i Tolga og Aaen skole i Tynset er typiske døme. Som ein kontrast kan vi nemne den nye skolen i Dalsbygda, bygd 1956. Der var det lærarrom, sentralfyr og linoleumsgolv, og vassklosett.

Det var den nye tida, og skilnaden til dei små grendeskulane etter ”modellteikningar” måtte virke større enn dei 100 åra som skilde dei.

Heile tiåret dreiv skulane etter ”Revidert lov om folkeskolen” frå 1936, og den bygde i sin tur på ein lov frå 1889, som innførte folkeskolen, ein felles 7-årig skule for alle, men med ulike lover for by og land. Ungane på landsbygda hadde kortare skuleår, engelskundervisning var det opp til kommunane å bestemme, like så var krava til kroppsøving mindre, mens det vart fleire praktiske fag. Dei fleste skulane var fådelte, med klasser sett saman etter som elevtalet varierte. Min skule var firedelt, småsku-



*I 1935 var Nøren skole i Os eit flott skulebygg. Kretsen hadde arbeidd hardt for å få det til, og leiaren i byggekomitéen sette garden sin i pant for lånet som måtte til.*



*Holøyen skole. Skulehus som dette var i bruk i mange bygder i meir enn 100 år. Nå er noen av dei museum, andre har fått ny funksjon i lokalsamfunnet.*

len dei første tre åra, der førsteklasse gjekk aleine, andre og tredje saman. I storskolen gjekk fjerde og femte saman, og sjette og sjuande. Elevane gjekk annakvar dag, og mange skular hadde bare to lærarar, ein for småskulen og ein for storskulen. Dei minste skulane kunne ha bare ein lærar. Da seier det seg sjøl at det var viktig korleis læraren fungerte, elevane var prisgitt denne personen, på godt og vondt. Lærarane hadde ansvar for alle timane, så det var nok ikkje mye tid til samrådsmøte! Og all førebuing og retting skjedde på kveldstid og i helgene.

Om det var mange skular i regionen, var det likevel mange elevar som hadde lang skuleveg. Det måtte bli slik når føter, ski og hestskyss, og kanskje sykkel, var einaste framkomstmiddel. På Nøren skule hadde noen elevar nesten åtte km skuleveg, og dei begynte eitt år seinare enn dei andre ungene. Vegen vart for lang for stutte føter. I Tufsingdalen fekk noen elevar bruke hest og slede . Dei hadde òg sju km veg, og halvvegs snudde dei hesten, som gjekk heimatt aleine, mens dei sjølv tok skia fatt dei siste kilometrane. Dei som måtte krysse Glåma for å komme til Aaen skule i Tynset hadde utfordringar i førefallet om våren, når elva gjekk opp. Ei eldre

kvinne fortel at dei måtte vente på elvebreidda til det kom noen større gutar forbi, som kunne ro dei over den flaumstore elva.

### *Nye planar – ny kvardag*

Som nemnt var det i 1950 elevar på rundt 40 skular i Nord-Østerdalen. Drygt ti år seinare var talet på skular i underkant av 20, utan at elevtalet hadde gått drastisk ned. Den nye loven om einskapsskulen frå 1959 gav elevane rett til ni års skulegang, og innførte lik lov for byskule og landsskule. Dette førte til store endringar, mest merkbar var nedgangen

i talet på skular. For heile landet var nedgangen på ca. 20 %, mens den altså i vår region var på ca. 50 %. Det kom nye fag og nye krav, meir moderne læremiddel. Denne sentraliseringa førte til ei enorm endring i folks kvardagsliv. Livet var ikkje lenger bare i heimegrenda, der elevane brukte ski, spark eller sykkel for å komme seg på skulen. Nå kom skulebussen og frakta ungene fleire mil, til ein ny stor skule med mange ukjente elevar. Dette kunne gi vidare horisont, nye verdfulle vennskap, men òg mindre fysisk aktivitet og mindre tid heime. For mange var det steget inn i



*Rendalen var tidlig ute med sentralisering. Frå 1952 var det bare to skular, Bergset og Fagertun. Fagertun kom også til å hyse den første ungdomsskolen i regionen, den avløste realskulen i 1960. Foto: Widerøes Flyveselskap 1958. MINØ.15199.*

den moderne kvardagen, på ein skule med sentralfyr, varmt og kaldt vatn, klosett, kanskje gymsal med dusj.

Fleire omstillingar kom som ein følgje av den nye loven. Elevane i storskulen fekk ein fjerde skuledag, - det var slutt på dagane heime, der ungane gjorde lekser, gjekk med dei vaksne og lærte mangt slags arbeid, eller var ute lange økter og fann på leikar sjølve”. Den tause kunnskapen” som ungane tileigna seg på den måten var lite sæten, ein ser først når den er borte kva verdi den hadde. Ei forbetring var det at elevane slapp å gå kilometervis for å komme på skulen, – men i dag er vi vel ikkje sikre på kor godt det er for folkehelsa å sitte på skulebussen fleire mil kvar dag ...

For dei kretsane som hadde nynorsk opplæringsmål vart det òg store endringar. Dette gjaldt noen utkantskular i Tynset og Tolga, dei fleste skulane i Folldalen, og i ein periode alle skulane i Alvdal. Mange av skulane hadde hatt nynorsk i meir enn 50 år, det vil seie at fleire generasjonar hadde nynorsk som sitt skriftspråk. Da sentraliseringa kom rundt 1960, vart grendeskulane lagt ned, og dermed forsvann nynorsk som opplæringsmål frå regionen, så nær som på Dalen skule i Folldalen.

### *Skulehelsetjenesta*

Eit fast innslag i skuleåret var besøk hos skuletannlegen og hos helsesøster. I 1950 kom det ”Lov om folketannrøkt”, som slo fast at alle skulebarn skulle ha ”fri, systematisk tannbehandling”: Dette førte til at fleire fekk behalde tennene, – i foreldregenerasjonen fans det dei som hadde fått gebiss til konfirmasjonen. ”Krigsgenerasjonen” hadde gode tenner, sikkert takka vere lite sukker, det var rasjonering både under og lenge etter krigen. Utfordringane vart større utover 50-talet, med aukande velstand, og ennå ikkje tilgang på fluor.

På Os var Søster Åsta ein institusjon, ho gjorde mye for folkehelsa, ikkje minst for skuleungane. Eg hugsar skulebarnsundersøkingar, der vi vart veid og målt, den gongen for å finne, og hjelpe, dei som var underernærte. Barnesjukdommar var noe ”alle skulle ha”, dei fleste fekk dermed ein immunitet mot vannkoppar, meslingar og liknande. Tuberkulosen var framleis eit trugsmål, og Pirquet-prøva, som vart sett med ein ”pennesplitt” på underarmen, synte etter ei stund om du hadde smitten i deg. Var prøva negativ fekk du vaksine, var den positiv hadde du smitta i deg og var resistent. Alle hadde koppevaksine frå tidlige år, som eit rundt arr på skuldra. Polio var ikkje

utrydda, og det fans heller ingen vaksine. Eg hugsar eit utbrot av polio på Os først på 50-talet. Ein gut døde, og fleire vart lamma meir eller mindre. Den vinteren vart det sett inn fleire vaskefat i klasserommet, med krav om handvask før maten. Og det var streng beskjed heimafrå: Ikkje ta imot drops frå eit kremmarhus andre hadde forsynt seg av, aldri drikke av same flaske som andre, eller av same vassause – noe som hadde vore og framleis var svært vanlig i mange heimar. Hygiene vart eit hovudtema for helsesøster, som saman med lærarane gjorde ein kjempeinnsats med opplysning, både overfor elevar og foreldre, om smittevegar og korleis ein kunne unngå sjukdom. Da familien min flytta til Os i 1949, var det bare to-tre hus som hadde bad og klosett, – det seier sitt om utfordringane Søster Åsta hadde.

### *Ette folkeskulen – kva da?*

#### *Framhaldsskulen*

Heldigvis for mange unge i norddalen kom det ein Lov om framhaldsskulen i 1946, eit eittårig kurs med praktisk og teoretisk opplæring. Opplegg og innhald var det mye opp til kommunane å bestemme. Skuleåret var i utgangspunktet frivillig, men vart i noen kommunar gjort obligatorisk i noen år. Etter dette året hadde dei

unge ”fått presthanda”, dvs dei var konfirmert, og mange måtte da reise heimafrå for å tene til livsopphaldet. Gjennom heile 50-talet var dette skuleåret eit viktig tilbod til ungdommen, heilt til ungdomsskulen kom, rundt 1960, og alle fekk gå ni år i grunnskulen.

Framhaldsskuleåret var eit utviklingsår, der elevane gjekk vidare frå folkeskulepensum i dei tradisjonelle skulefaga, ved sida av at dei hadde praktisk opplæring, – sløyd for gutane og søm og husstell for jentene. Forholdet mellom teori og praksis kunne variere i dei ulike kommunane. Frå min skule hugsar eg dette året som eit svært utbytterikt år. Vi trefte ungdom frå andre kretsar i kommunen, og vi fekk lære mye. Dette året var første gong vi hadde engelsk, og det var populært. Halve året hadde vi teori, andre halvåret praksis. Jentene hadde husstell, med kostlære og handskriven oppskriftsbok. Det året var det nok mange mødrer som fekk god hjelp til julebaksten! Best var kanskje sykurset, vi lærte å risse mønster, og ulike syteknikkar. Det var stas å syne fram sjøllaga klede på utstillinga om våren, der gutane synta alt det fine dei hadde laga på snekkarskulen om vinteren.

### *Realskulen*

På 50-talet hadde både Alvdal og Folldal treårig realskule.

Alvdal private realskole hadde eksistert sia 1939, med to parallellar på det meste. Skulen vart finanisert med skulepengar og tilskott frå Alvdal kommune, og fungerte til den niårige skulen tok over først på 60-talet.

Folldal Verks private realskole var ein treårig skule først og fremst for barna til dei tilsette på Folldal Verk, men dersom det var plass, fekk andre elevar også gå der. Skulen hadde ikkje eksamensrett, så det kom lektorar frå Trondheim Katedralskole om våren og var sensorar for dei unge folldølene.

Tynset hadde hatt treårig middelskule, seinare realskule, sia først på 1900-talet, og fekk i 1949 ”Statsrealskolen for Hedmark”, som nå vart toårig. Tynset statsrealskole hadde flest elevar frå Nord-Østerdalen, men òg noen frå Engerdalen og sør i fylket, og fleire frå Sør-Trøndelag. Der var det opptaksprøver og mange om beinet, så det var alvor over 15-åringane som møtte opp ei heil veke til skriftlige og muntlige prøver, mange måtte bu hos ukjente folk på Tynset den tida prøvene varte. Og spenninga var stor da rektor Midtbø las

opp namna på dei som hadde kome inn. Gleda over eigen plass fekk eit skår, når ein såg tårene hos dei som ikkje kom gjennom nål-auget det året. Pensum var det same for den toårige realskulen som for den treårige, så det var hardt arbeid dei to åra. Men eg trur elevane såg at dei hadde fått ein sjanse, og det hjalp på motivasjonen, – det var viktig å nytte den sjansen ein hadde fått! Det var kanskje ein grunn til at skuletrøtte elevar ikkje var noe stort tema den gongen. Dei fleste i foreldregenerasjonen hadde ikkje fått sjansen til skulegang, og såg mon i at ungene fekk gå på skule. Eg hugsar da dei første elevane frå Os skulle begynne på realskulen, det syntes vi var ei storhending, og gledde oss med dei som fekk sjansen.

Men storparten av eit årskull fekk inga slik formell utdanning. Det tyder ikkje at dei ikkje lærte meir. Vart ein tilsett som yngstemann på ein arbeidsplass, fekk ein opplæring på staden, utan at dei som lærte bort såg på seg sjølve som lærarar, og utan at dei hadde vederlag for ekstraarbeidet. I handverksfaga kunne ein etterkvart ta fagbrev, men det var ikkje vanlig, og heller ikkje naudsynt, alle stader. Men kunnskap fekk dei, om det var i tømmerskogen, på saga, i



*Dei romslege lokala til Tynset Statsrealskole kunne også hyse gymnasklassene. Ved slutten av tiåret kunne Nord-Østerdalen by på utdanning heilt fram til eksamen artium, som gav tilgang til universitetet.*

bakeriet, på meieriet, på butikken, i kaféen eller i fjøs og anna gardsarbeid. Det er lett å gløkke all denne uformelle kunnskapen, som også var verdifull.

### ***Tynset Gymnas***

Først på 50-talet gikk det ingen enkel veg til universitetsutdanning for ungdom i Nord-Østerdalen, for dei ganske få som såg det som eit realistisk mål. Det var langt til næraste gymnas, og det var helst landsgymnasa på Eidsvoll og Orkdal som vart løysinga for noen få skuleflinke ung-

dommar. Men alt før midten av 50-talet var det framsynte folk i distriktet som la planar for eit gymnas på Tynset, og i 1956 kom det i gang eit toårig privat artiumskurs med engelsklinje. Ikkje alle var begeistra, eksamen artium gav tilgang til universitetet, og fleire var redde for at det ville ta dyktig ungdom vekk frå primærnæringa og distriktet. Etter kvart kom det treårig ordinært kurs i gang, og reallinje frå hausten 1959, så ved utgangen av vårt tiår var gymnaset med to linjer godt etablert. Økonomisk var situasjonen ennå

ikkje heilt avklart, kommunane bi-drog, og elevane måtte betale skulepengar. Til den store klassa med 34 elevar som begynte i 1959, med både real- og engelskelevar, søkte det 59 ungdommar, gymnaset var framleis ein utvalsskule. Tida på gymnaset vart skilsetjande for mange. Ikkje bare nye fag, men nye tankar og haldningar tok dei med seg derifrå, til vidare utdanning, eller til eit arbeidsliv i heimbygda. Og skilnaden frå dei små gamle skulehusa rundt i bygdene var stor, - realskulen hadde bygd nytt og stort i 1956, og kunne også hyse gymnaselevane og tilby spesialrom og moderne utstyr.

### ***Storsteigen Landbruksskole***

Med Kjell Aukrusts bøker vart Storsteigen ein del av vår kulturarv, skriv Alf Eggset i 100-årsskriftet for landbruksskulen. Og om Kjell Aukrust brakte namnet ut over landet, var det i alle fall i Nord-Østerdalen godt kjent frå før som ein viktig lærestad for dei som skulle ta over gard. Sia rett etter hundreårsskiftet hadde det vore landbruksskule på Storsteigen, på same tid gardsbruk og skule. Med sterke leiarar hadde skulen gjennom alle år vore eit mønsterbruk, som gav ungdommen mot og inspirasjon til å gå laus på utfordringane på heim-



*Det var vaksne gutar som satt på skulebenken i agronomklassa på Storsteigen i 1955-56. Foto: Eggset.*

garden, eller til å skaffe seg eigen gard.

I 1950 heldt skulen framleis til i hus frå 1860-åra, låven var gammal,

og vi må ut på 60-talet for å finne nye og tidhøvelige hus. Skulen – og landbruket – var inne i ei brytningstid. Sia mellomkrigstida hadde landbruket

vore innretta på sjølbergning, i vår region var det ofte små gardar, med mange slags husdyr – målet var å greie seg mest mulig sjøl, skaffe mat



til sine. I 1950 hadde Storsteigen nett-opp fått sin første traktor, og dei plundra for å tilpasse gammal hestereiskap til stålhesten dei første åra. Det var rasjonering og mangel på varer, så ein måtte vere oppfinnsam. Utover i 50-åra skulle det skje store endringar. Mekaniseringa kom for fullt, med traktorreiskap, vatningsanlegg, handelsgjødsel, driftsbygningar med silokummar, mjølkemaskein og inseminering. I tillegg kom pålegg om strukturrasjonalisering – fjellbygdene skulle satse på mjølkeproduksjon, flatbygdene skulle ta seg av korndyrkinga. På den måten forsvann mye av mangfaldet. Det vart spesialisering, og forskning på lønnsame kurasar, der NRF-kua vann. Desse endringane, nyvinningane, var pensum for dei som gjekk agronomkurset på Storsteigen i 50-åra, ca 20 elevar i året, dei aller fleste gutar. Gjennom mønsterbruket og teoretisk lærdom vart elevane i stand til å legge gode driftsplanar for sine reelle eller tenkte gardsbruk. Og dei fekk med seg styrarens klokkartru og optimisme når det gjaldt fjellbygdsjordbruket.

Dei fleste elevane budde på internat, det var praktisk og sosialt. Utover i tiåret vart det betre kommunikasjonar og litt meir pengar blant

folk, og fleire elevar reiste heim i helgene, noe som gikk ut over kveldsaktivitetane, elevkvelder med underhaldning og sjølskriven avis. Desse kveldane var ”storsteiryssen” ofte saman med elevane på husmorskulen, av grunnar som ikkje er vonde å forstå.

### *Nord-Østerdal Husmorskole*

”Husmorskula” var òg eit godt innarbeidd begrep - ”alle” visste at den var på Alvdal. Historia til husmorskolen er like lang som Storsteigens, og interessant er det at det var ungdomslagsrørsla i Nord-Østerdalen som først tok til orde for at ein burde ha ei praktisk utdanning i jordbruk og husstell i regionen. I den tids samfunn var det naturleg og framoverretta. Jordbruk var hovudnæringa i distriktet, og like viktig som å skape verdiane, var det at dei vart godt tatt vare på. Og det lærte jentene – for det var bare jenter – som gikk på Nord-Østerdal Husmorskole. I 1950 var skolen midt i ein byggeperiode. Dei gamle lokala på Storsteigen var nedslitte, men vart ikkje modernisert, for det skulle jo snart komme nybygg. Men på grunn av krigen og mangel på materialar i åra etterpå, kom ikkje nybygget i bruk før i 1951, fullt utbygd og innvigd i



*”Husmorskulen” var eit kjent begrep for nordøsterdøler rundt 1950, som ”Storsteigen” var det. Begge skulane hadde da nesten 50 års historie bak seg, i ulike former og med ulikt innhald, og det var mange unge i distriktet som hadde vore innom.*

1952. Eldre lærarar snakka om to tidsrekningar, før og etter nybygget. Med dei nye lokala kom den nye tida også inn i undervisninga. Vaskemaskein, elektrisk komfyr, nye konserveringsmåtar – frysaren avløste hermetisering og koking og tørking av alle råvarar. Elevane utnytta framleis hage og utmark til å hauste grønsaker og sanke bær, dei lærte å dele opp slakt, og dei hadde husdyrlære, i samarbeid med Storsteigen. Skulen hadde ca. 30 elevar kvart år, og det er ikkje få jenter som har fått grunnopplæring i husstell på skulen.

Det er interessant å lese om den innsatsen som styreleiarar og andre gjorde for desse to skulane i Alvdal, det var mange runder med styres-

maktene, og mye arbeid for å få lokale tilskott til arbeidet. Eldsjeler gjorde ein imponerande innsats – før Reform 94 kom, og skulane vart ein del av Vidaregåande skule, på linje med dei tidlegare gymnasa og yrkes-skulane.

### *Tynset Folkehøgskole*

Denne skulen var lagt ned i 1952, og vedkjem derfor bare så vidt vårt tiår, men den fortener ein plass i skulehistoria likevel. Skulen vart grunnlagt i 1914, med kommunane Tynset, Alvdal, Tolga og Os som pådrivarar, og med idealisten Idius Nybø som den første styraren, henta frå Sagatun, folkehøgskolen på Hamar. Da eg las elevlistene frå desse åra, slo det meg kor mange det var som hadde gått ein vinter eller eit kortare kurs på folkehøgskulen på Vidsyn. Somme år kunne det vere seks – åtte elevar frå same bygda, frå Holmen krets på Tynset var det i fleire år langt over dusinet.

Folkehøgskulen gav ungdommen ein sjanse til å ta del i ein fellesskap, sjå inn i ei verd større enn den heime, og tileigne seg kunnskapar og ikkje minst haldningar, som dei hadde nytte og glede av seinare i livet, sjøl om dei levde og arbeidde med tradisjonelle sysler i bygdene her. Denne ballasten kunne føre til politisk en-



*”Jentekurs” på Tynset Folkehøgskule våren 1950. Skulen gav statsstøtta tilbod om åtte vekers praktisk kurs i husstell for dei som ikkje hadde høve til å gå eit heilt år på husmorskule. Foto: ”Tynset Folkehøgskule”.*

gasjement, og den kom godt med i organisasjonsliv og kulturliv. Eit referat frå opningstalen til elevane i 1914 syner at eldsjelene som starta opp skolen ikkje var redde for dei store orda, for å gi dei 65 elevane som møtte opp noe å strekkje seg etter: ”Hvad er det saa vi vil? Vi vil vække ungdommen til et aandelig liv! Ikke for at tjene mer og bli rike, men til et rikt aandsliv!” (Østerdølen 2.10.1914).

### *Femtitallet – ein gullalder?*

Nå er femtitalet historie, det er lenge sia. Både samfunnsliv og kvardagsliv har endra seg så mye sia den gongen at det kanskje er vanskelig for yngre folk å forstå korleis det var å vere elev – og lærar – i bygd og grend den tida. Ved starten av tiåret hadde skuleungane same tilbodet som før krigen, med same utstyr, eller mangel på utstyr. Og ved slutten av tiåret hadde fleire av bygdene nye skulebygg, og det var nye planar og lovverk å arbeide etter.

Ungane her i regionen hadde på femtitalet jamt over foreldre som var positivt innstilte til skulegang, det var ikkje så mye av den motsetnaden mellom arbeidet og boka som ein kunne finne fleire stader. For Nord-Østerdalen hadde vore rik på impulsar utafra i lang tid, og det gjorde kanskje folk mindre skeptiske til det som var framandt. Noen av impulsane kom gjennom gruvedrifta på Røros, med framande språk, skikkar og fagkunnskap, gjennom møte med idealistane oppmed Savalen sist på førre hundreåret, Ivar Mortensson Egnund, Hulda og Arne Garborg. I spora etter dei finn vi politisk engasjement, målsak, ungdomslag og samtalelag. Og vi må ikkje gløyme alle folk i styre og komitéar som arbeidde i årevis med å utvikle skuletilbodet i regionen. Fleire av dei hadde sin kunnskap og sine ideal frå folkehøgskulen.

Til saman skapte dette ein region som ved inngangen til sekstiåra stod godt rusta for den nye tida når det gjaldt skule og utdanning.

I dag, i 2015, er skulegang eit sjølsagt gode, og utfordringane er derfor av eit anna slag. Skulen har ikkje lenger den status den hadde - og burde ha. Det kan vere ei utfordring for ungdommen å sjå verdien av å

skaffe seg kunnskap. Slik blir det gjerne når noe ikkje lenger er eit knappheitsgode. Det er sagt at Norge i fram-tida må satse på kunnskapssamfunnet, og da trengs det iver og glød, og ikkje minst innsats, frå elevar og studentar. Kanskje må vi sjå til land i andre delar av verda for å skjønne kor mye retten til skulegang og utdanning er verdt, når vi ser kva folk risikerer for å få lov til å gå på skule. Utviklinga innafor skuleverket på femtitalet trur eg har bidratt til at Nord-Østerdalen har mye å bidra med, når samfunnet endrar seg og krev ny kunnskap og nye tankar.

#### Kjelder:

- Tynset bygdebok bd. V. Bjarne Grandum 1998.
- Skolehistorie for Os. Asbjørn Ryen 1989.
- Skolehistorie for Tolga. Utgitt av Tolga skolestyre 1991.
- Holøyen skole - lokal kulturperle og nasjonalt kulturminne! Per Hvamstad i Årbok for Nord-Østerdalen 2010.
- Tynset Folkehøgskole. Ola Tronsmoen 2011.
- Storsteigen – På lag med land bruket gjennom 100 år. Alf Eggset 2005.
- Storsteigen Landbruksskole

1905-1980. Olav I. Haugen 1995.

- Holmen videregående skole 25 år 1983. Red. Arne Dag Østigaard.
- Kunnskap uten makt – kvinner som lærere og elever. Broch-Utne / Haukaa 1979.
- Nord-Østerdal husmorskole Alvdal 1906 – 1956. Jubileumsskrift.
- Alvdal videregående skole 1906 – 1981. Jubileumsskrift 1981.



5. klasse: Elevane f. 1948: 1. r. f. v. :  
 Inger Eva Evensen, Ingeborg F aldet,  
 Evy Åsegård, Kirsten Hildonen, Ingeborg  
 K. Ryen, Magny A. Solh aug.  
 2. r. f. v. : Per B. Streitlien, Oddvin  
 Rønning, Arnulv Husum, Jon E. Moen,  
 Per E. Enget, Asbjørn Streitlien(lærer),  
 Rolf Alander, Rolf Brandsnes, Tor Berg-  
 seth, Tarald Øyen, Sigmund Oddløyken  
 + 2 (borte).



Kirkekretsen skole.  
 Framhaldsskolen: f.v. : Karin Hansen,  
 Kjellfrid O. Borkhus, Kari T. Borkhus,  
 Haldis Beitrusten, Ellen Mathisen,  
 Reidun Røsten, Signe Randen, Unni  
 Odden, Bodil Sveen, Signy Frankmoen.  
 2. r. : Astrid Brennøden, Liv Brohaug,  
 Aud Borkhus, lærere Aud Gundersen,  
 Anton Korsvoll og William Fiorense,  
 Gunhild Mæland + mange mange flere.